

Innkalling og sakliste

Styremøte 01-26 i Sogn KO

Tid: 23. februar 2025 kl 09:00-14:00

Stad: Svingen, Campus Sogndal. Google: <https://maps.app.goo.gl/Ayb5Wi99KLS6S3oH8>

Anbefalt parkering: Lunnamyri. Google: <https://maps.app.goo.gl/BDN4JyLJ98StoTEA7>

Tidsplan:

08:30	Kaffi servert i Svingen
09:00	Møtestart
11:15	Årdal Utvikling og Sogn Næring kjem for å orientere om korleis det vert jobba med sirkulære verdikjeder i Sogn
11:30	Lunsj i Høgskulekantina
12:00	Møtet held fram 12:00 Samfunnstryggleik og beredskap
14:00	Møteslutt
14:10	Guida tur i nybygget i Svingen og Campus for dei som er interesserte.

Innhald

1.	Opning v/styreleiar	2
2.	Godkjenning av innkalling og sakliste	2
3.	Orientering frå Sognarådet IPR	2
4.	Orientering frå styreleiar	2
5.	Orientering frå administrasjonen	2
6.	Miljø og ureining	5
7.	Nav	7
8.	Barnevern	8
9.	Næringsutvikling inkludert reiseliv	10
10.	Ressurskrevjande tenester	12
11.	Samfunnstryggleik og beredskap	13
12.	Profil, merkevare og rekruttering	14
13.	Prioritering og løypemelding til IPR	15
14.	Ymse	15

1. Opning v/styreleiar

Styreleiar Siri Fahlvik Pettersen opnar møtet.

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Styret godkjenner innkalling og sakliste.

3. Orientering frå Sognarådet IPR

Framlegg til vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Vedlegg:

Protokoll frå møtet i arbeidsutvalet 30.01.2026 ([lenke](#))

4. Orientering frå styreleiar

Framlegg til vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Styreleiar orienterer i møtet

5. Orientering frå administrasjonen

Møte med regiontillitsvalde

Munnleg orientering frå møtet 19.2.

Møte med Fagskulen Vestland 9/2 og Høgskulen på Vestlandet 17/2

Munnleg orientering frå møta.

PPT

Etter planen skulle rapport knytt til PPT-utgreiinga vore levert til dette møtet. Av ulike grunnar er prosess noko forsinka. Dette vert ikkje vurdert som kritisk av styringsgruppa eller administrasjonen, heller kan det vere ein styrke å nytte litt meir tid i den avsluttande fasen.

Det er gjennomført innsiktsøkt med dei tilsette i dei to tenestene og med økosystemet rundt tenestene. 7. januar vart det arrangert ei løysingsøkt i Årdal der både dei tilsette og systema rundt fekk bryne seg på løysingar for framtidens tenester.

Vedlagt ligg oppsummering av løysingsøkt, med ein enkel analyse. Prosjektleiari og styringsgruppa vil no ferdigstille sluttrapporten og dei to PP-tenestene er inviterte avsluttande møte der dei kan kome med kommentarar. Styret vil få rapporten og tilråding til vegen vidare på styremøtet 7. april.

Vedlegg:

Løysingsøkt og kort analyse PPT

Lønn

Sjå vedlegg.

Det er ikkje planlagt aktivitet frå administrasjonen i saka.

Vedlegg:

Innspel frå nettverk for lønstenester

Oppfølging etter FoU-møte med Vestlandsforskning 30/1

- Klimarisiko: Torbjørn Selseng har sendt epost til kommunedirektørane og følg opp dei som responderer. Vurderer forsterka innsats mot dei som vil, heller enn å mase på dei som ikkje responderer.
- Sirkulærøkonomi: Link etablert mellom Torunn Hønsi og kommunedirektørane i møtet.
- Tenesteutviklar har i tillegg utfordra Geir Hansen (Årdal Utvikling) og Line Bjelde (Sogn Næring) til å oppdatere styret i møte 23/2.
- Beredskap: Sognaregionen har søkt Statsforvaltaren om midlar til å etablere regional struktur for arbeidet, sjå eigen sak. I søknaden er det etablert bru til prosjekt i Vestlandsforskning-regi knytt til bruk av KI i beredskapsarbeidet.
- Arealprosessar og prosessar for å handtere målkonfliktar: Vestlandsforskning sin metodikk og prosesskompetanse er interessant for kommunane.
- KI:
 - Vestlandsforskning ønskjer å utvikle eit foredrag som kan gje felles ståstad for drøftingar rundt tema.
 - Ingrid (Sognaregionen) og Tina/Hilde (Vestforsk) følg opp prosjektinitiativ mot oppvekstnettverket. Link er etablert mot Sitep.
- Teknojenter:
 - Spannande prosjekt som Vestlandsforskning følg opp vidare.

Saker løfta frå IPR:

EU-prosjekt

- Sak bestilt til neste møte IPR.
- Aktuelt å søke kollektivt medlemsskap for kommunane Vestnorges Brusselkontor
- Identifisere relevante tema i regional plan
- Erasmus-prosjekt er høgaktuelt for System for styrka læring
- Mogeleg studiebesøk til European Week of Regions and Cities haust 2026

- Regionen allerede involvert i omstillingsprosjektet Green Hydra. Vert nytta til
 - Internasjonal læring.
 - Grøn omstilling ifm regional plan.
 - Samlingar i Sevilla, Nikosia og Groningen denne våren. Adm prioriterer berre Groningen. Interesse for kommunedirektørar?

Innkjøp:

- Mogelege steg:
 - Invitere inn Kinn-samarbeidet
 - Fokus på lokalt samarbeid og lokale muligheter i Sogn
 - Utvikle og forbedre kompetanse og rutinar

6. Miljø og ureining

Framlegg til vedtak:

Styret gjer slikt vedtak:

1. Sogn KO rår kommunane til å etablera vertskommunesamarbeid for miljø, ureining og tilsyn av private avløp.
2. Samarbeidsavtalen med vedlagde budsjettkalkyle blir lagt fram for politisk handsaming slik det ligg føre.
3. xx vert vertskommune
4. Verknadsdato for vertskommunesamarbeidet vert sett til xx.xx.xxxx
5. Kostnadsfordeling:
 - 25% blir delt likt mellom deltakarkommunane.
 - 75% blir fordelt etter
 - talet på registrerte private avløp pr 1. juli for kostnader knytt til sakshandsaming og tilsyn av private avløp
 - tal innbyggjarar for kostnader knytt til dei andre miljø- og ureiningsoppgåvene
6. Sogn KO set av inntil kr 200 000 til prosjektet finansiert av kontigentmidlar Sogn KO.

Vedlegg:

1. Utgreiing om samarbeid miljø, ureining og tilsyn av private avløp
2. Utkast samarbeidsavtale
3. Budsjettkalkyle
4. Uttale frå arbeidsgruppa
5. Notat om verksemdoverdraging

Saksframstilling:

Administrasjonen har utgreidd vertskommunesamarbeid om miljø, ureining og tilsyn av private avløp i samsvar med vedtaket i sist styremøte. Vedlagde utgreiing (vedlegg 1) er ei oppfølging av forstudien Plan i Sogn og omhandlar dei punkta som treng nærare avklaring før kommunane vedtek samarbeidsavtalen.

Samarbeidet skal ivareta tilsynsoppgåver knytte til forsøpling og private avløp. Det er utarbeidd forslag til samarbeidsavtale etter kommunelova §§ 20-1 og 20-2 (vedlegg 2) og førebels budsjettkalkyle med moglege fordelingsmodellar (vedlegg 3).

Etter styrevedtaket i desember har tilsette frå dei fem kommunane vore med for å bidra med fagkunnskap til saksutgreiinga. Det har vore to møte i arbeidsgruppa. Dei tilsette har meldt tilbake at arbeidet går for fort fram og at tidsplanen er for ambisiøs. Det er gitt innspel om å etablera eit fagnettverk med tenestekjøp mellom kommunane som eit første steg og seinare etablera eit vertskommunesamarbeid. Det er også spelt inn at kommunane først bør etablera eit vertskommunesamarbeid for tilsyn av private avløp, og at forsøplingstilsyn eventuelt kan bli inngått på eit seinare tidspunkt. Det vert vist til uttale frå dei tilsette (vedlegg 4).

Å etablera tilsyn med spreidde avløp vil gje eit mindre fagmiljø, og er ikkje i samsvar med styrevedtaket i desember.

Administrasjonen i Sogn KO førebur og utgreier eit vertskommunesamarbeid i samsvar med styrevedtaket 9.12.

Administrasjonen tilrår at styret leiger inn ekstern prosjektleiar med fagkompetanse til å bistå i vidare arbeid. Arbeidet med å utarbeide rutinar og retningslinjer kan starta tidleg og vil uavhengig av politiske vedtak vera nyttig for kommunane å samarbeide om.

Forslag til tidsplan for planlegging og førebuing fram til etableringsdatoen ligg i den vedlagde utgreiinga. Aktivitetar og tidsfristar kan justerast av styringsgruppa ved oppstart av prosjektet.

Arbeidsgjevar må følgje opp med drøfting med tillitsvalde og informasjon til dei berørte tilsette i tråd med lov- og avtaleverk. Det vert vist til notat om verksemdoverdraging (vedlegg 5).

Avgjerd om vertskommune og verknadsdato må fastsetjast før saka kan gå til politisk handsaming i kommunane.

7. Nav

Framlegg til vedtak:

Styret vedtek å gå vidare med å utvikle vertskommunesamarbeid for Nav i kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Vik og Årdal med Årdal som vertskommune utifrå vedlagte overordna prosjektplan.

Vedlegg:

Overordna prosjektplan (førebeles)

Saksframstilling:

Fem kommunar Aurland, Luster, Lærdal, Vik og Årdal fatta positive prinsippvedtak i desember om å inngå vertskommunesamarbeid om Nav, med Årdal som vertskommune. Sogndal sa nei. Dette er ein ny situasjon og krev nokre fortløpande avklaringar før ein går vidare. Kommunedirektør i Årdal har hatt møte med Nav Vestland for drøfting av vidare arbeid.

I dette møtet legg vi fram utkast til overordna prosjektplan, medan utkast til vertskommuneavtale vil bli lagt fram i eit seinare styremøte. Samarbeidsavtalen går til kommunestyra til drøfting før vedtak, i samsvar med vedtaket i Vik. Dette er lagt inn prosjektplanen.

Administrasjonen tilrår at styringsgruppa kan gjere evt endringar i prosjektplanen. Styringsgruppa vil også få ein oppdragsomtale med mandat for prosjektleiing, leveranse og prosess. Nav Vestland vil bli inviterte til styringsgruppa og vil bli bedne om å bidra med midlar til prosjektleiing. Styret vil få sak om finansiering i seinare møte.

8. Barnevern

Framlegg til vedtak

Styret vedtek vedlagte prosjektplan for etablering av felles barnevernsteneste, og overleverer prosjekteigarskapet til kommunedirektør i Sogndal kommune for vidare oppfølging. Sogn KO sin representant i styringsgruppa vert Torgeir Skålid, med styreleiar som vararepresentant.

Sogndal kommune sender vertskommuneavtale til digital signering av kommunedirektørane.

Vedlegg:

Prosjektplan for etablering av felles barnevernsteneste i Sogn.

Saksframstilling:

I desember/januar har dei 6 kommunane vedteke etablering av ei ny felles barnevernsteneste i Sogn og vertskommuneavtale med Sogndal som vertskommune:

Aurland, Luster, Lærdal, Vik og Årdal

1. XXX kommune vedtek samarbeidsavtale om felles barnevernsteneste, jf kommunelova § 20-4 andre ledd.
2. Kommunestyret i XXX kommune delegerer med dette alle rettar og plikter etter barnevernslov til Sogndal kommune, jf. kommunelova §§ 20-1 og 20-2. Delegeringa omfattar ansvaret som er nærare spesifisert i punkt 6 i avtalen.
3. Kommunestyret gir kommunedirektør fullmakt til å jobbe fram ein hensiktsmessig plan for implementering med mål om oppstart av felles barnevernteneste frå og med 1. januar 2027.
4. Dersom det vert gjort vedtak om deltaking frå alle 6 kommunane, vert det i tillegg til hovudkontor i Sogndal etablert avdelingskontor i Lærdal.

Tillegg i Årdal

5. Det skal utviklast ein ny barnevernteneste der alle partane skal delta, tenesta skal ha eit nytt namn.

Sogndal

1. Sogndal kommune vedtek samarbeidsavtale om felles barnevernteneste, jf kommunelova § 20-4 andre ledd.
2. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til, med utgangspunkt i rapporten om vertskommunesamarbeid for barnevern i Sogn og i tråd med dei vedtaka som er fatta i dei andre deltakarkommunane i Indre Sogn, å utarbeide prosjekt for organisering og gjennomføring av etableringa av ei felles barnevernsteneste. Prosjektet skal leggje til rette for oppstart av den nye tenesta 1. januar 2027.
3. Oppstart av ny barnevernsteneste 01.01.2027

Oppfølging

Styret vedtok i samband med tilråding om vertskommunesamarbeid 3. november følgjande prosess:

Det vert sett i gang eit prosjekt frå 1. januar 2026 som skal førebu ny felles barnevernteneste for kommunane. I tillegg til personalressursar frå kommunane og barneverntenestene, disponerer prosjektet inntil 500.000 kroner finansiert av kontingentmidlar Sogn KO.

15. januar vart det gjennomført eit førebuande møte, og 13. februar hadde styringsgruppa sitt første møte. Styringsgruppa har utvikla den vedlagte prosjektplanen, og har vald kommunalsjef Kenth Rune Teigen Måren som leiar i styringsgruppa. Sogndal kommune stiller med prosjektleiarressurs fram til den nye leiaren for tenesta er på plass.

Det er no Sogndal kommune som eig den vidare prosessen, og Sogn KO bistår ved behov.

Jfr utkastet til prosjektplan, skal Sogn KO vere representert i styringsgruppa.

Interpellasjon i Årdal

Etter interpellasjon i kommunestyret i Årdal, skal sak om vertskommunesamarbeidet opp på nytt. Arbeidet i styringsgruppa vert ikkje påverka av desse prosessane før det evt føreligg nytt vedtak.

9. Næringsutvikling inkludert reiseliv

Framlegg til vedtak:

Styret tek rapporten til vitande, og følg hovudtrekka i tilrådingane.

Tilråding til fylkeskommunen om Sogn Næring som operatør av næringshageprogrammet vert oversendt næringsnettverket for uttale med frist 4. mars, og til arbeidsutvalet i Sognrådet for endeleg vedtak 9. mars.

Tilråding om organisering og samordning av den kommunale innsatsen mot næringsutvikling, vert oversendt næringsnettverket for uttale.

Styret rår Sogndal kommune til å følgje tilråding knytt til eigarskap i Sogn Næring. Sogn KO håper kommunen kan gå i dialog med dei andre kommunane og næringslivet om endring i eigarskapet, slik at selskapet oppfyller krav til å operere næringshageprogrammet seinast 31. mars 2026. Framtidig eigarskap i selskapet bør vere opent for bedrifter i Sogn med utviklingsfokus og spegle næringsstrukturen i regionen.

Tilråding knytt til tilskot og framtidig finansiering av Visit Sognefjord og samhandling med kommunane vert oversendt Næringsnettverket for uttale og til Visit Sognefjord. Styreleiar og dagleg leiar i Visit Sognefjord vert invitert til dialog med styret og leiar i Næringsnettverket i styremøtet 7. april.

Vedlegg:

Rapport: Draumen om det perfekte samspelet mellom bedriftene, kommunane og verkemiddelaktørane

Saksframstilling

Styret i Sogn KO gjorde følgjande vedtak i styremøtet 4. juni 2025:

1. Sogn KO vedtek mandatet for næringsnettverket.
2. Vidare utgreiing og tilråding av framtidig organisering av tenestene skal gjerast av administrasjonen i løpet av hausten 2025, med implementeringsfase Q1 2026.
3. Evt ressursbehov vert dekkja av Sogn KO sine kontingentmidlar med inntil kr 100.000.

Bestillinga vart utvida i styremøtet 19. august 2025:

Styret ber om at utgreiinga av organisering av kommunal tilrettelegging for næringsutvikling vert utvida med å utgreie korleis forvaltning av reiselivsdestinasjonen Sogn bør organiserast, med fokus på kommunane sitt ansvar og rolle. Ein skal og vurdere kommunane sin ressursinnsats i reiselivet sitt marknadsarbeid.

I tillegg har det vore prosess mot Vestland Fylkeskommune og Siva knytt til næringshageprogrammet. Hovudutvalet gjorde dette vedtaket 17.09.2025:

Utval for næring utset saka til kommunane/regionrådet i Sogn har konkludert i høve organisering av det kommunale næringsarbeidet. Utvalet oppmodar om Kunnskapsparken Vest og regionrådet

innleiar ein dialog i denne fasen. Ein forutset at kommunane i Sogn kjem med ei skisse innan utgangen av første kvartal 2026.

Basert på dei to bestillingane og vedtak i Vestland Fylkeskommunen, vart leveransen definert slik:

- Omtale no-situasjon
- Tilråding: Framtidig organisering av den kommunale innsatsen i tilrettelegging for næringsutvikling og forvaltning av reiselivsdestinasjonen Sogn, inkludert økonomi, kapasitet, eigarskap.
- Framtidig eigarskap i-, samarbeidsstrukturar mot og tilskot til andre selskap som jobbar med å leggje til rette for næringsutvikling.

I samband med utgreiinga har både arbeidsutvalet i Sognarådet IPR og styret i Sogn KO vore fortløpande orientert om hovudfunn og retning på utgreiinga. Utgreiinga er gjennomført av politisk koordinator, Yngve Hallén, og tenesteutviklar Torgeir Skålid. Næringsnettverket har vore særleg kopla på i arbeidet med no-situasjon, medan BDO ved Harald Husabø har vore rådgjevar for utvikling av scenario og val av modell.

Rapporten er meint å svare ut problemstillingane, men det vil vere behov for kvalitetssikring av tilrådingar og forankring av det vidare arbeidet.

10. Ressurskrevjande tenester

Framlegg til vedtak:

Styret ber om at prosjektet startar opp vår 2026 og ber administrasjonen skalere prosjektet og økonomien utfrå tilgjengelege ressursar. Sogn KO sine kontingentmidlar og kommunane sin eigeninnsats i prosjektet kan nyttast 100%.

Vedlegg:

Prosjektplan ressurskrevjande tenester

Saksframstilling:

Sogn KO søkte Statsforvaltaren om skjønsmidlar og hadde søknad om ressurskrevjande tenester som førsteprioritet. Svar på søknaden kjem medio februar. Kommunalsjefnettverket for helse og omsorg har teke ein runde om det er eigne ressursar til prosjektleiing i kommunane. Så langt er tilbakemeldinga at det har ikkje kommunane. Sogn KO følgjer opp med å henta tilbod frå eksterne til prosjektleiing.

11. Samfunnstryggleik og beredskap

Framlegg til vedtak:

Styret ber om at prosjektet startar opp vår 2026 og ber administrasjonen skalere prosjektet og økonomien utfrå tilgjengelege ressursar. Sogn KO sine kontingentmidlar og kommunane sin eigeninnsats i prosjektet kan nyttast 100%.

Saksframstilling:

Samfunnstryggleik og beredskap er prioritert samarbeid for Sogn KO, og hausten 2025 vedtok styret å sende søknad om finansiering basert på vedlagte prosjektplan til Statsforvaltaren. Det er lova svar på søknaden medio februar.

Prosjektleiar Halvard Gjerde kjem i styremøtet for å drøfte framdrift med styret.

Vedlegg:

Prosjektplan Beredskapsfellesskap

12. Profil, merkevare og rekruttering

Framlegg til vedtak:

Administrasjonen får fullmakt til å ferdigstille prosjektplan og gjennomføre prosjektet innan budsjetttrammer lagt frå arbeidsutvalet i Sognarådet.

Vedlegg:

1. Sak til arbeidsutvalet Sognarådet: Profil og merkevare
2. Utkast til prosjektplan

Saksframstilling:

Arbeidsutvalet i Sognarådet gjorde 30/1 2026 følgjande vedtak:

Arbeidsutvalet set av inntil 550 000 kroner frå regionale utviklingsmidlar i 2026 til å vidareføre profil- og merkevarearbeidet. Midlane skal disponerast av Sogn KO, basert på aktivitetane i prosjektplanen.

Saksframstillinga frå møtet i arbeidsutvalet ligg vedlagt.

Administrasjonen ønskjer å gå vidare med prosjektet basert på hovudlinjene i den vedlagte prosjektplanen frå Sogn Næring. I tillegg vil det vere behov for mindre tenestekjøp hjå andre leverandørar. Det er planlagt for medfinansiering frå både privat næringsliv, og gjennom sal av tenester. Kommunane sine HR-avdelingar er viktige bidragsytarar og brukarar i dei nye tenestene som vert utvikla, Sogn KO får soleis ei viktig rolle i å koordinere og forankre dette arbeidet.

13. Prioritering og løypemelding til IPR

Framlegg til vedtak:

Styret sluttar seg til rapporten, og ber administrasjonen oversende den til arbeidsutvalet i Sognarådet.

Vedlegg:

1. Styreleiar i Sogn KO sin presentasjon til arbeidsutvalet 30/1 2026
2. Notat: Prioritering og løypemelding til arbeidsutvalet i Sognarådet

Saksframstilling:

I møtet til arbeidsutvalet i Sognarådet 30. januar 2026 orienterte styreleiar i Sogn KO under *Sak PS 5/2026 Orientering frå Sogn KO om tenestesamarbeid* om status for dei samarbeida som er vedtekne og saker som kan kome til politisk handsaming. Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

Arbeidsutvalet tek orienteringa frå Sogn KO til vitande.

I samband med handsaming av saka kom det følgjande innspel:

Arbeidsutvalet ber styret i Sogn KO om eit oversyn over prioriterte saker for 2026.

Vedlagte notat oppsummerer styreleiar si orientering og gjev slikt oversyn:

- Samarbeid under etablering
- Prioriterte saker i 2026
- Planlagde politiske saker i 2026
- Andre tiltak det er nyttig at politisk leiing forankrar i kommunane

14. Ymse